



LOKAL VERKSEMDPLAN

SEIM SKULE

2017-2018



DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



VERKSEMPLANEN

Verksemdsplanen er eit overordna styringsdokument for Seim skule. Den skal definere formål, hovudmål og hovudaktivitetar. Planen skal gjere arbeidet vårt tydeleg og synleg både internt og eksternt. Verksemdplanen gir føringar for prioriteringane våre. Det som er nedfelt i planen er forpliktande for alle som arbeider på Seim skule.

VISJON, MÅL, PEDAGOGISK PLATTFORM

SEIM SKULE – VISJON OG VERDIAR

Seim skule ligg sentralt i Seimsbygda, ei bygd i vekst og utvikling, 10 minutt frå Knarvik og 35 minutt frå Bergen sentrum. Skulebygget var heilt nytt hausten 2013. Frå same hausten vart Festo skule lagd ned og elevane frå Feste vart overført til Seim skule. Elevtalet på Seim skule auka med 40 elevar. Elevane frå dei to tidlegare skulekrinsane går no saman på ein ny og moderne skule. Skuleåret 2017 - 2018 har vi 149 elevar. Skulekrinsen strekkjer seg frå Leivestad og Søreide i aust, Hjelmtveit i sør, Seimsbygda, og Feste og Lygra i vest. I tillegg ligg det fleire grender og bygder innanfor skulekrinsen. Seim skule har ein visjon om å vera ein god skule for mange bygder. Samhald, fellesskap og mangfald skal vere sentralt i arbeidet vårt.

Vi vil at Seim skule skal vere ein skule der

- alle ser og kan bli sett
- alle høyrer og kan bli høyrd
- alle respekterer og kan bli respektert

SEIM SKULE - PEDAGOGISK PLATTFORM

Opplæringslova slår i §1.1 fast at formålet med opplæringa er at skulen, i samarbeid og forståing med heimen, skal opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane **historisk og kulturell innsikt og forankring**. Opplæringa skal **byggje på grunnleggjande verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon**, slik som **respekt** for menneskeverdet og naturen, på **åndsfriidom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd** og

solidaritet, verdier som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane. Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av **den nasjonale kulturarven** og vår **felles internasjonale kulturtradisjon**. Opplæringa skal gi innsikt i **kulturelt mangfald** og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje **demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte**. Elevane skal utvikle **kunnskap, dugleik og haldningar** for å kunne **meistre liva sine** og for å kunne **delta i arbeid og fellesskap i samfunnet**. Dei skal få utfalde **skaparglede, engasjement og utforskartrøng**, lære seg å **tenkje kritisk** og **handle etisk og miljøbevisst**. Dei skal ha **medansvar** og rett til **medverknad**. **Dei skal bli møtt med tillit, respekt og krav** og få **utfordringar** som fremjar danning og lærelyst. **Alle former for diskriminering skal motarbeidast.**

Dette er skulen sitt overordna mål og som heile verksemda skal ha som rettesnor for alt arbeid som vert gjort.

Nasjonalt er det politisk semje om tre mål for kvalitet i grunnopplæringa:


1. Alle elevar som går ut av grunnskulen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter som gjer dei i stand til å ta del i vidare utdanning og arbeidsliv
2. Alle elevar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring med godkjend kompetansebevis for vidare studie eller i arbeidslivet
3. Alle elever og lærlingar skal verte inkludert og oppleve meistring

Formålsparagrafen, nasjonale mål og lokale tilhøve ligg til grunn for opplæringa på Seim skule. Vi legg vinn på læring, utvikling og meistring for alle elevar. Vi trur på at alle elevar kan lære og at dei aller fleste er i stand til å lære grunnleggjande ferdigheiter i lesing, skriving og rekning. Vi strekk oss langt for å finne gode metodar, dele erfaringar og ut frå dette utvikle arbeidet med undervisninga. Vi lærer av kvarandre. Vi veit at trivsel og tryggleik er grunnlag for all læring og legg derfor til rette for god sosial opplæring og oppfølging. Vi legg vinn på å byggje gode relasjonar, samarbeide og kommunisere godt. Kvar elev har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Vi er opptekne av kva kompetanse våre elevar i dag treng for å meistre liva sine som vaksne.

UTVIKLINGSARBEID

Utviklingsarbeidet på Seim skule tek utgangspunkt i Skandsen, Wærness og Lindvig sin modell (2011). Skulen prioriterar tiltak ut frå analysearbeid. Tiltaka går fram i planar for drift og utvikling (under).

Skandsen, Wærness, Lindvig 2011:



Modellen skildrar dei ulike fasane ein må arbeide med for å få til endring i ein organisasjon. Den gjev ei bevisstgjerung om kor ein står i dag, kva ein ønskjer å gjere (**definerung**) og kva for tiltak som må settast i gang, kva kompetanse har vi i personalet og ikkje minst at ein må trene (**utprøving**). Etter utprøving vert eigne tiltak vurdert, analysert og tolka (**evaluering**). Etter evaluering og korrigerungar finn ein system som ein arbeider vidare etter (**drift**) fram til ny **definerung**.

Kompetansen ein skaffar seg må ein gjere i fellesskap om det skal bli ei varig endring i organisasjonen. Ein organisasjon som klarer å gjere ny kunnskap til fellesskapets kunnskap, er ein lærande organisasjon (Knut Roald).

SEIM SKULE – LOKAL PLAN FOR UTVIKLINGSARBEID 2017-18

Seim skule gjennomførte ein omfattande ståstadsanalyse våren 2016. Analysen omhandla skulen sine ressurser i tillegg til innsamling og analyse av data knytt til læringsmiljø, læringsresultat og ei vurdering av eigen praksis.

Konklusjon etter ei samla vurdering:

1. Arbeidet på skulen må styrkje elevane sine læringsresultat med tanke på dei grunnleggjande ferdigheitene i lesing, skriving, rekning og IKT.
2. Arbeidet på skulen skal sikra elevane eit godt læringsmiljø.

Dette er utgangspunkt for utviklingsarbeidet på skulen. Vi har sett følgjande konkrete målområde:

1. Vidareføring av lesing som grunnleggjande ferdigheit (LeseLos).
2. Vidareføring av styrking av ordinær undervisning og spesialundervisning gjennom systematisk arbeid i Ressursteam.
3. Vidare utvikling av eit trygt og godt skulemiljø (kap.9A i opplæringslova)
4. **Vurdering for læring** – deltaking i SkoleVFL (eit nettbasert etterutdanningskurs)



UTVIKLINGSPLAN FOR SEIM SKULE 2017-2018

	Utviklingsområde	Mål	Tiltak	Ansvar
1.	Lesing	Alle elevar på Seim har utvikla ein lesedugleik i tråd med alder og føresetnadar.	LeseLos vert tema på teammøte 16.oktober og 13.november. Teamet vel område det skal arbeidast med. Ta i bruk observasjonsskjema på klasse eller enkeltelevar.	Plangruppa
2.	Styrking av ordinær opplæring og spesialundervisning	<ol style="list-style-type: none"> 1. Alle tilsette og foreldre har god informasjon om skulen sitt ressursteam. 2. Skulen har gode rutinar for å fange opp og følgje opp elevar som treng hjelp – «Tidleg innsats» 3. Skulen sin metodikk er godt kjend i personalet og i foreldre-gruppa. 	<ul style="list-style-type: none"> - Resultatoppfølging haust og vår, møte og gjennomgang av alle klassane - 1.-4.trinn – Tidleg innsats – oppfølging - Sampro – alle IOP inn i Sampro og alle foreldre deltakarar - Lese- og skrivevanskar <ul style="list-style-type: none"> o Kurs om Dysleksi o Kartlegging lokalt LOGOS - Kap.9a <ul style="list-style-type: none"> o Zippy o DUÅ o SMISO - Overgang barnehage/skule og barneskule/ungdomsskule 	Ressurs-teamet

3.	Skulemiljø	Alle elevar på Seim skule har eit trygt og godt fysisk og psykososialt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.	<u>Haut 2017:</u> Utgangspunkt kap.9a Tema: - Nettvett Tid: - Fellestid 16.okt - Oppfølging på trinn i fag	Plangruppa
4.	«Vurdering for læring» HiL «VFL – MOOC»	Skulen har ein vurderingspraksis som fremmer læring og utvikling for alle elevane. Elevane har fått auka lærings-utbytte av opplæringa.	<u>Haut 2017:</u> Modul 3 og 4 + Refleksjon <u>Vår 2018:</u> Modul 5 og 6	Plangruppa

SKULEBASERT VURDERING

Etter forskrift til opplæringslova skal skuleeigar og skulane jamleg vurdere verksemda:

§ 2-1. Skulebasert vurdering

Skulen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderingane blir gjennomført etter føresetnadene.

Skulebasert vurdering på Seim skule:

«Vurdering av læring»:

I samband med resultat på Nasjonale prøver haust 2017

I samband med Kartleggingsprøver 1.-4.kl vår 2018

Elevsamtalar og utviklingssamtalar (med foreldra)

Jamleg vurdering og oppfølging i samband med gjennomførte modular i

SkoleVFL. Her arbeider vi etter KiS-modellen (sjå under).


Trivsel: Lokal trivselsundersøking i 1.-4.klasse haust og vår
Elevundersøkelsen haust 2017

Status/ny definering: April/mai 2018

KiS – ein modell for analyse, refleksjon og dialog om kvalitetsutvikling i skulen

Modellen for "Kvalitetsvurdering i skulen" (KiS) vert nytta som metode og verktøy for utvikling av vurderingskompetansen i organisasjonen. KiS tek utgangspunkt i eit konkret undervisningsopplegg som blir planlagt og gjennomført av lærarane og legg grunnlaget for ein dialog om pedagogisk praksis. I denne dialogen vert alle ledd i skulen involvert: elevar, foreldre, lærarar, lærarteam og leiing.

Kvalitetsvurdering i skulen (KiS) kan illustrerast gjennom denne modellen (Senter for erfaringsdeling 2008):



AKTIVITETSPLANAR OG ÅRSJUL

PLANLEGGINGSDAGAR

14. og 15.august: Felles for alle lærarar og assistentar på skulen
Innhald: Oppstart, rutinar, personalperm, planarbeid, §9A i oppl.lov, SMISO (Senter Mot Insest og Seksuelle overgrep).
- 10.november: SkoleVFL og 2,5t om Dysleksi / Lese- skrivevanskar
- 29.november: Meldekurs til barnevernet saman med NKG og Montessorri
- 2.februar: Tema frå utviklingsplanen
- 18.mai flytta til: 2 personalmøte kl.15.30 – 17.30: 6.nov + 8.jan
1 personalmøte vår 2018 – kl.15.30 – 16.30
2,5t 11.juni – evaluering/planlegging neste år
- 22.juni: Planarbeid for skuleåret 2018-2019

MØTEPLANAR

Måndag kl.12:30 – 15:30 Lærarmøte – rullering:		
Disponering av 3t	Haust 2017	Vår 2018
1t team, 2t felles utviklingsarbeid	21/8, 4/9, 18/9, 2/10, 6/11, 20/11, 4/12, 18/12 25.sept – møtefri (utvikl.samt)	15/1, 29/1, 12/2, 5/3, 19/3, 30/4, 14/5, 4/6, 18/6 16/4 – møtefri (utvikl.samt)
1t felles + 1t team + 1t trinn	28/8, 11/9, 25/9, 16/10, 30/10, 13/11, 27/11, 11/12	8/1, 22/1, 5/2, 19/2, 12/3, 9/4, 23/4, 7/5, 28/5, 11/6
Assistentmøte ca. annakvar veke tysdag kl.08:30 – 09:15		
Haust 2017: 22/8, 5/9, 19/9, 3/10, 17/10, 31/10, 14/11, 28/11, 12/12	Vår 2018: 9/1, 23/1, 6/2, 20/2, 6/3, 20/3, 3/4, 17/4, 8/5, 22/5, 5/6 og 19/6.	
Ressursteam ca. annakvar veke tysdag kl.14:20 – 15:20		
Haust 2017: 22/8, 29/8, 19/9, 3/10, 24/10, 7/11, 14/11, 28/11, og 12/12	Vår 2018: 16/1, 30/1, 13/2, 20/2, 6/3, 20/3, 3/4, 17/4, 3/5, 15/5, 29/5 og 12/6	
Plangruppemøte ca. annakvar veke onsdag kl.12:45 – 14:15		
Haust 2017: 23/8, 6/9, 20/9, 4/10, 18/10, 1/11, 15/11, 29/11 og 13/12	Vår 2018: 3/1, 17/1, 31/1, 14/2, 7/3 (13.30- 15.30), 21/3 (13.30-15.30) , 11/4, 25/4, 9/5, 23/5, 6/6 og 20/6	
Andre møte:		
Torsdag 4.t	Leiarmøte og kontormøte, veksling etter behov	
Måndag 2.t	ATV-møte	
Onsdag 3.t	Lokal arbeidsmiljøgruppe	

Morgonmøte:	Dagleg 08:15 – 08:25
HMS-dag:	Onsdag 25.oktober
Ressursteamsamling:	15.november i Nordhordlandshallen
Rektor/skuleleiarmøte:	25/8, 6/9, 4/10, 17/10, 25/10, 3/11, 8/11, 6/12 Anne i Finnmark 11.-15.september
Temamøte oppvekst:	31.oktober

ÅRSJUL

ÅRSHJUL DRIFT, SAMARBEID HEIM-SKULE, ORDINÆR OPPLÆRING /
SPESIALUNDERVISNING OG AKTIVITETSPLAN

	Drift	Samarb. heim-skule	Ord.oppl. / Spes.ped.	Aktivitetsplan
August	Oppstart To planl.dagar Møte med 5.trinn om NP. Påmelding NP. Arbeidsplan lærarar.	Heimesida – oppdatering av informasjon	«Tidleg innsats» 1.- 4.trinn haust 2017: Status & behov IOP i SamPro	Fellessamling (adm): Vel møtt til nytt skuleår! Trivsel, tryggleik, læring og glede! Gjennomgang av nye friminuttreglar.
September	Oppstart «Kom og leik» NP: Info til foreldre/føresette og på heimesida.	Foreldremøte 1.-7.kl Felles tema: - Kap.9a - Utv.arbeid - Trafikk	Status og behov i 5.-7.kl IOP i SamPro Årsplanar i fag Elevsamtalar	Fellessamling: 6.trinn Fjelltur 5.-7.kl – veke 36 6.sept: Fjelltur småtrinnet Stortingsval Seim skule 11.sept., 15.sept: Levering «Ullbyen» 22.sept: «Blime»-dag
Oktober	GSI - innsamling	Utviklingssamtalar 1.-4. og 6.-7.trinn		6.okt: Joggedag 24.okt: FN-dag – samling Rafleks/trafikk – veke 42 17.okt: DKS «Folk og rock» 1.-7.kl
November	Refusjonskrav gjesteelevar og leirskule Overgangar – barnehage + u.skule	Utviklingssamtalar 5.trinn (etter NP)	15.nov: Ressursteamsaml. Trivselsunders. 1.- 4.trinn Elevundersøkelsen 5.-7.trinn	Fellessamling: 5.trinn Fagdag: Matematikk 4.trinn: Vårt lokalsamfunn
Desember	SFO – foreldrebet., brev ut om endring for 2018	Juleavslutning i samarbeid med FAU		Adventssamlingar – trinn Juleverkstad – trinn Juleavslutning, forslag: 19.des
Januar	Innskriving – brev ut til nye 1.klassingar		Analyse og oppfølging av Elevundersøkelsen 5.-7.trinn	Fellessamling: 3.trinn English Day Ski/ake/skøytedag DKS – vert datofesta i august
Februar		«UKE 6 2017» - 1.-4.kl Felles foreldremøte og klasseforeldremøte 1.- 7.kl		Fellessamling: 2.trinn Dramadag SMART-Camp 6.-7.trinn
Mars	Informasjon og bestilling av	Utviklingssamtalar		Påskelunsj – alle? Påskevandring – veke 12

	meteriell til Kartleggingsprøver 1.-3.trinn			Praktisk skuledag 5. – 7.trinn
April	Gjesteelevar – søknad om ressursavtale			Fellessamling: 4.trinn Fjelltur
Mai	Kartleggingsprøver 1.-4.kl Førskuledag – 24.mai			Fellessamling: 1.trinn Rydding til 17.mai Sykkel/kanotur 5.-7.trinn TINE-stafett 8.mai: 6.+7.trinn
Juni	Bokbestilling Refusjonar – leirskule og gjesteelevar		Årsrapport Enkeltvedtak om spesialundervisning 2018-19	Fellessamling: 7.trinn Lesevake 5.klasse Aktivitetsdag – team 15.juni: Topp-trimmen - trekning

ÅRSJUL RESULTATOPPFØLGING

Resultatoppfølging	
August	Førebuing NP 5.trinn Mål: Gjere elevane kjend med oppgaveformen
September	Førebuing til NP 5.trinn Mål: Gjere elevane kjend med oppgaveformen 1.-4.kl Status, analyse og behov - klassegjennomgang
Oktober	5.-7.kl: Status, analyse og behov - klassegjennomgang 16.okt – 3.nov Gjennomføring NP på 5.trinn. Informasjon her
November	Analyse og oppfølging av resultat frå NP 5.trinn
Desember	
Januar	Analyse og oppfølging av resultat frå NP 5.trinn Møte med ungdomsskulen 29.januar
Februar	
Mars	Kartleggingsprøver 1.-3.trinn
April	Analyse og oppfølging av kartleggingsprøven
Mai	
Juni	